

## NYTTIG INFORMASJON

### Visittid:

Mandag - fredag etter kl. 1600

Laurdag - søndag fritt.

### Verdisaker:

Sjukehuset har ikkje ansvar for pengar eller verdisaker som du har med. Du kan låse inn pengar og verdisaker på vaktrommet på eige ansvar.

### Telefon:

Alle pasienter har sin eigen telefon ved senga.

Vaktrommet, tlf.nr. 70 10 57 30

Sentralbordet, tlf.nr. 70 10 50 00

### Parkering:

Parkering ved sjukehuset er avgiftsbelagt.

### Internett:

Avdelinga har eigen pasient PC som kan nyttast fritt . Den har dei mest vanlege programvarene, samt internett.

### Heimeside:

Avdelinga har eigen nettstad under Helse Sunnmøre. Her kan du lese meir om avdelinga. Når du står på sida til Helse Sunnmøre, klikk på Ålesund sjukehus, deretter på avdelingar og så Fys. Med. og Rehab.

### E—post:

Avdelinga har eigen e-post adresse som er:

[fysmedrehab@helse-sunnmore.no](mailto:fysmedrehab@helse-sunnmore.no)

### Mobiltelefon:

Det er framleis restriksjonar på bruk av mobiltelefon på sjukehuset.



# Sengeposten

## AVDELINGA SITT TILBOD TIL INNLAGDE PASIENTER



Telefon : 70 10 57 51

**VEIEN VIDERE....**

*Avdelinga er kompetansesenter for den  
spesialiserte rehabiliteringstjenesta i  
Møre og Romsdal.*

*Avdelinga sin nettstad finn du under  
Helse Sunnmøre HF:  
[www.helse-sunnmore.no](http://www.helse-sunnmore.no)*

## Fysikalsk Medisin og Rehabilitering

er ein del av den fylkeskommunale samordna og spesialiserte rehabiliteringstenesta i Møre og Romsdal i lag med Nevrohjemmet Rehabiliteringssenter og Mork Rehabiliteringssenter.

Vi er ei integrert avdeling i Sjukehuset i Ålesund og gjer oss nytte av dei tilboda sjukehuset har, og samarbeider med dei ulike avdelingane.

Avdelinga er ein felles sengepost med 13 senger til fysikalsk medisin og rehabilitering, 8 senger til pasientar med revmatologiske lidingar og 6 senger til ortopediske pasientar.

## Teamarbeid.

Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering er organisert i to tverrfaglige team - team I og team II. Det faste personellet ved avdelinga er:

Hjelpepleiarar, sjukepleiarar, legar, fysioterapeutar, ergoterapeutar, sosionomar, logopedar og psykolog.

## Pårørande

Avdelinga ser på pårørande som ein viktig samarbeidspartnar i arbeidet for å fremme ein pasient si rehabilitering, og pårørande er derfor hjarteleg velkomen til å vere til stades i dei forskjellige aktivitetane.

## Tilbod:

Vi gir tilbud til følgjande grupper:

- Pasientar med hovudskade
- Multitraume (omfattande skader)
- Ryggmargskadde
- Amputasjonar
- Post—poliosyndrom
- Hjerneslag
- Andre samansette skader og funksjonstap

Vi gir tilbud om ulike typer opphold:

- Vurderingsopphald
- Rehabiliteringsopphald
- Kontrollopphald

Opphold i vår avdeling vil vare frå nokre få dagar til mange månadar, alt etter problemstilling.

## Tverrfagleg samarbeid:

Den tverrfaglege samarbeidsmåten hos oss har denne strukturen:

- Du blir motteken av lege den dagen du blir innlagt.
- Dei ulike faggruppene kartlegg og vurderer situasjonen din.
- Dei same faggruppene kjem saman og foreslår tiltak og behandling.
- Vi innkaller kommune / pårørande der det er ønskeleg.
- Oppholdet vil munne ut i ein sluttrapport som seier korleis oppholdet har vore, og kva som er planen framover.

Den tverrfaglege arbeidsmåten vår skal ta vare på deg som eit menneske med fysiske, psykiske og sosiale behov.

### Gjennom rehabilitering skal du oppnå best mogeleg:

- deltaking sosialt og i samfunnet
- funksjons — og meistringsevne
- sjølvstende

Vi gjer merksam på at tilbodet er under kontinuerlig evaluering. Dette kan føre til endringar i innhold og program.

For meir informasjon og søknadskjema kontakt :  
Avdeling for Fysikalsk medisin og rehabilitering  
Adresse: Ålesund Sjukehus, 6026 Ålesund  
Tlf. 70 10 57 51.